

Februar 2026

UTGREIING OM SAMFUNNSANSVAR

Aktsemdvurdering for Helse Førde HF



1.0 OPPBYGGING OG ARBEIDSMETODE

2.0 OPPSUMMERING ANSVARSKOMPASSET

2.1 Oversikt over status og mål per tema

2.2 Oversikt over framdrift mot mål per tema

3.0 **STYRING** | OVERORDNA FUNN

4.0 **SOSIALE FORHOLD** | MENNESKERETTAR, ARBEIDSTAKARRETTAR OG ANSTENDIGE ARBEIDSFORHALD

5.0 **MILJØFORHOLD** | Klima- og miljøstyring og naturrisiko

6.0 **ØKONOMISKE FORHOLD** | Korrupsjon, skatt og konkurranse

7.0 **HANDLINGSPLANAR**

7.1 Status handlingsplan 2025

7.2 Handlingsplan 2026

1.0 OPPBYGGING OG ARBEIDSMETODE

Spesialisthelsetenesta har vedteke eit [felles rammeverk for samfunnsansvar](#). Rammeverket klargjer kva rammer og føringar som gjeld for området og korleis spesialisthelsetenesta arbeider med området. Rammeverket gjev ei oversikt over lovkrav i [klimalova](#), [likestillings- og diskrimineringslova](#) og [openheitslova](#) som helseføretaka skal rapportere på i utgreiing for samfunnsansvar. Denne utgreiinga omhandlar dei mest sentrale aktivitetane på området, ei skildring av vesentlege risikoområde som er avdekka og tiltak som er sette i verk eller planlagt sette i verk. Styre og administrerande direktør skal signere utgreiinga.

Slik har vi bygd opp utgreiinga

Utgreiinga startar med ei oversikt over overordna funn og er deretter delt inn i tre delar som omhandlar sosiale forhold (people), miljøforhold (planet) og økonomiske forhold (profit) – som er dei tre pilarane i berekraftstenking. Gjennom eigarskapsmeldinga ([Meld. St. 6, 2022-2023](#)) stiller staten forventningar til at statlege verksemdar skal vere leiande i arbeidet med ansvarleg verksemd. Det er forventa at verksemdene har ambisjonar, mål og strategiar innanfor dei tre pilarane (figur 1).



Figur 1: Staten sine forventningar til selskapa (Meld. St. 6, 2022-2023).

Ansvarskompasset

Vi må sjå utgreiinga i samanheng med vedlegget der OECD sitt verktøy, *ansvarskompasset*, er fylt ut. Vi har funne risikoområda i Helse Førde ved å gjennomføre aktsemdvurdering. Dette inneber å fylle ut [ansvarskompasset](#) og kartlegge og vurdere risikoen av eigne innkjøp, altså innkjøp gjort utanfor avtale gjennom Sjukehusinnkjøp. Til slutt i dokumentet viser vi status for handlingsplanen frå 2025 og avsluttar med å samle avdekka risikoområde med planlagde tiltak, dette utgjør handlingsplan for 2026 på området samfunnsansvar.

Slik arbeidde vi

Ansvarskompasset vart fylt ut gjennom møte og teamssamtalar mellom aktuelle kontaktpersonar og rådgjevar miljø og samfunnsansvar som har organisert gjennomføringa av aktsemdvurderinga. Rekneskap henta ut innkjøp gjennomført utanfor avtale.

Involverte i arbeidet med utfyllinga av ansvarskompasset:

- Økonomidirektør
- Konsulent frå rekneskap
- Seksjonsleiar Seksjon kvalitet og pasienttryggleik
- Direktør for Fag og utviklingsavdelinga
- HR-direktør
- Rådgjevar HR
- Seksjonsleiar Seksjon forskning og innovasjon
- IT-sjef, Helse Førde
- Rådgjevar miljø og samfunnsansvar
- Rådgjevar internrevisor

Delen av utgreiinga som omfattar medarbeidarar og mangfald vert i Helse Førde dekkja gjennom eiga utgreiing på området, *årleg melding om likestilling, inkludering og mangfald*.

1.0 OPPBYGGING OG ARBEIDSMETODE

Slik har vi fylt ut ansvarskompasset

Malen for ansvarskompasset er endra og vi har i år nytta ny mal.

Denne har ti arkfaner med ulike tema:

1. Overordna retningslinjer
2. Menneskerettar
3. Arbeidstakarrettar
4. Miljø
5. Korrupsjon
6. Vitskap, teknologi og innovasjon
7. Konkurranse
8. Skatt
9. Offentleggjing av opplysningar
10. Forbrukarinteresser

Kvar arkfane har skildringar for god praksis for ulike undertema. Vi har under utfylling av malen svart ut:

- Vurdert status (evalueringsskala)
- Vurdert målsetting (evalueringsskala)
- Om det er bruk for oppfølgingstiltak (ja/nei)
- Skildra status på området for føretaket (tekst)
- Sett opp ansvarleg for området
- Vist til relevante dokument

Evalueringsskalaen inneheld vala: Ikkje relevant, ikkje igangsett, grunnleggande, etablert og vidarekommen.

Sjå tabell 1 for døme på eit utfylt undertema. Utfylt ansvarskompass er vedlagt.

Undertema	Skildring av god praksis	Status	Mål	Oppfølgingstiltak	Kommentar	Ansvarleg	Relevante dokument
		<i>Kor vi er i dag</i>	<i>Kor vi ønskjer å vere</i>	<i>Vil vi sette i verk tiltak?</i>	<i>Organisasjonen sin praksis, bakgrunn og skildring for vurderingane</i>	<i>Internt utpeika ansvarleg avdeling eller person</i>	<i>Retningslinjer og andre dokument og vurdering av noverende status</i>
Forbrukevern	Vi sørgjer for at varene og tenestene vi leverer oppfyller alle avtalte eller lovfesta standardar for forbrukarhelse og -tryggleik, og ikkje utgjer ein urimeleg risiko for forbrukerane si helse eller tryggleik.	Viderekomme	Viderekomme	Nei	Kvalitetsstyringssystemet beskriv korleis organisasjonen si drift og teneste skal vere. Styringssystemet er bygd på forskrift for leing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta.	Administrerande direktør er overordna eigar. Seksjon kvalitet og pasienttryggleik har ansvar for at oppdatering retningslinjer og rutinar i og eventuelle revisjonar er i tråd med lovverk og forskrifter	-System for leing av kvalitet (EK) -Øvrige faglege retningslinjer og rutinar i EK

Tabell 1: Døme på utfylt undertema i verktøyet *ansvarskompasset*, frå arkfana *forbrukarinteresser*.

2.0 OPPSUMMERING ANSVARSKOMPASSET

2.1 Oversikt over status og mål per tema

	Ikkje relevant	Ikkje igangsett	Grunn- leggande	Etablert	Vidare- kommen
Overordna retningslinjer					
Menneskerettar					
Arbeidstakerrettar					
Miljø					
Korrupsjon					
Vitskap, teknologi og innovasjon					
Konkurranse					
Skatt					
Offentleggjing av opplysningar					
Forbrukarinteresser					

Oppsummering alle arkfaner

Resultata viser at Helse Førde i hovudsak ligg på nivået etablert eller vidarekommen på dei alle dei tematiske områda i ansvarskompasset. Dette betyr at verksemda har på plass sentrale rutinar, system og praksisar som støttar ansvarleg drift slik OECD og staten forventar av offentlege verksemder.


Dei mørkegrå felta syner Helse Førde sin samla status per tema. Dei lysegrå felta syner avviket mellom status og mål. Altså dei områda der Helse Førde ønskjer å bli betre.

Figur 2: Samla oversikt over status og mål per tema frå ansvarskompasset.

2.0 OPPSUMMERING ANSVARSKOMPASSET

2.2 Oversikt over framdrift mot mål per tema

Oversikt over framdrift mot måla per tema
(kor stor avstand det er mellom status og mål)



Framdrift mot mål

Diagrammet viser kor langt Helse Førde har komme innan kvart hovudtema i ansvarskompasset – altså kor nær dagens status ligg målsetjinga.

For kvart tema blir det rekna ut eit forholdstal (status delt på mål), som illustrerer «kor mykje som er igjen» før organisasjonen når sin eigen ambisjon. Eit høgt tal betyr at Helse Førde nesten er i mål for det temaet, medan eit lågare tal viser at gapet er større.

Diagrammet synleggjer dermed korleis framdrifta varierer mellom temaa i ansvarskompasset. Helse Førde er generelt vurdert som liggande mellom nivåa etablert og vidarekomme, der dei fleste tema ligg tett opp mot måla sine.

For sju av dei ti temaa ligg måloppnåinga på over 90 prosent. Nokre område viser større avstand mellom status og mål, som miljø og overordna retningslinjer. Desse temaa står då fram som aktuelle utviklingsområde. Diagrammet gjer det enkelt å sjå kvar Helse Førde har størst forbettringspotensial, og kva tema der dei alt har oppnådd ein praksis som er nær målsetjinga.

3.0 STYRING | OVERORDNA FUNN

I dette kapittelet tar vi føre oss dei tre arkfanene:

- Offentleggjing av opplysningar
- Vitskap, teknologi og innovasjon
- Overordna retningslinjer

I tillegg svarar vi ut

- Funn knytt til eigne innkjøp
- Byggeverksemd

Innkjøp gjennom Sjukehusinnkjøp

Sjukehusinnkjøp har som oppgåve å forhandle innkjøpsavtalar på vegner av alle helseføretaka i Noreg. I 2024 vart det utvikla ein rapport, *KPI avtalelojalitet*, som vart tilgjengeleg tidleg 2025. Målet med rapporten er å enkelt vise om transaksjonar er knytt til avtaler eller ikkje. Vi ser at store delar av Helse Førde sine innkjøp vert gjort gjennom avtalar som er forhandla fram av Sjukehusinnkjøp.

For innkjøp gjort gjennom avtalane til Sjukehusinnkjøp, er det dei som har ansvar oppfølging av leverandørkjeda. Sjukehusinnkjøp har vedteke ein policy for samfunnsansvar og gjennomfører aktsemdvurderingar. Gjennom risikovurderingar kartlegg Sjukehusinnkjøp leverandørar og varekategoriar med høg risiko, og følgjer desse opp (for nærare utgreiing, sjå Sjukehusinnkjøp sine internettsider om berekraft).

Det er etablert kommunikasjonslinjer mellom Sjukehusinnkjøp og Helse Førde i samsvar med inngått samarbeidsavtale. Helse Førde sitt ansvar er å følgje opp i samsvar med inngått samarbeidsavtale.

Eigne innkjøp (kjøp utanfor avtale)

Eit mindretal av innkjøpa i Helse Førde blir gjort utan at det føreligg inngått avtale, og det blir jobba med å redusere denne delen ytterlegare. I samsvar med anskaffingsregelverket kan vi gjennomføre kjøp under visse nivå utan å lyse ut konkurranse og involvere Sjukehusinnkjøp. Helse Førde kan då gjennomføre kjøpet på eiga hand. Ofte blir slike kjøp gjort frå leverandørar kor det på andre område føreligg avtalar, altså leverandørar som vert følgde opp av Sjukehusinnkjøp i samsvar med risikovurderingar.

Det er likevel ein del kjøp frå leverandørar som ikkje er gjenstand for oppfølging av Sjukehusinnkjøp, og det er oppretta prosedyre for gjennomføring av aktsemdvurderingar i Helse Førde. Denne skildrar mellom anna korleis ein skal gjennomføre risikokartlegging av eigne innkjøp.


Årets kartlegging viser færre leverandørar utan avtalefesta oppfølging, men vi gjorde eit funn knytt til at fleire av leverandørane utan avtale er kopla til arbeid for teknisk avdeling. Det blir i handlingsplanen prioritert eit tiltak om å kople teknisk drift på anskaffingar som kan vere relevante for Helse Førde.

Byggeverksemd

Byggeaktiviteten i 2025 har vore lågare enn tidlegare år fordi Livabygget no er ferdigstilt. Aktiviteten som har vore gjennomført, er i hovudsak gjort av leverandørar på rammeavtale og eigne tilsette. Dette har gitt kontroll på krav til HMS, seriøsitet og etiske vilkår, og reduserer risiko i leverandørkjeda samanlikna med større totalentrepriseprojekt.

3.0 STYRING | OVERORDNA FUNN

Oversikt over framdrift mot måla per tema (kor stor avstand det er mellom status og mål)



Figur 3: Oversikt over framdrift mot mål per tema, overordna tema er utheva (frå ansvarskompasset).

Offentleggjing av opplysningar

Helse Førde offentliggjør vesentleg informasjon gjennom års- og styringsdokument, i tillegg til utgreiing om samfunnsansvar. Prosedyrane for aktsemdvurderingar ligg i elektronisk kvalitetshandbok som er tilgjengeleg internt og ved spørsmål om innsyn, medan sjølve utgreiinga er offentlig. Vi har godt nivå på generell rapportering og publisering av opplysningar om ansvarleg verksemd, men ønskjer å forbetre struktur og tilgjengelegheit ytterlegare.

Vitskap, teknologi og innovasjon


Vi har etablerte retningslinjer og styringssystem innan forskning og innovasjon, styrka praksis for dataforvaltning og personvern, og deltaking i relevante samarbeid (med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og helseklynga Vilje). Eit prioritert forbetringspunkt er deling av forskingsdata etter prosjektslutt. Helse Førde ynskjer å etablere eit system for trygg anonymisering og tilgjengeleggjing. Dette er lagt inn i handlingsplanen for 2026.

Overordna retningslinjer

Retningslinjer for ansvarleg verksemd er innarbeidd i styringssystem og leiaropplæring. Årleg aktsemdvurdering er etablert som fast praksis. Vi vil styrkje interessentdialogen i neste runde ved å inkludere verneombod og tillitsvalde.

4.0 SOSIALE FORHOLD | MENNESKERETTAR, ARBEIDSTAKARRETTAR OG ANSTENDIGE ARBEIDSFORHALD

Oversikt over framdrift mot måla per tema (kor stor avstand det er mellom status og mål)



Figur 4: Oversikt over framdrift mot mål per tema, sosiale forhold er utheva (frå ansvarskompasset).

I dette kapittelet tar vi føre oss dei tre arkfanene:

- Menneskerettar
- Arbeidstakarrettar
- Forbrukarinteresser

Menneskerettar

Retningslinjer og forventningar er forankra i styringssystem og innkjøpsprosessar (via Sjukehusinnkjøp, meir informasjon kapittel 3). Helse Førde gjennomfører årleg aktsemdvurdering, og vi har ikkje identifisert vesentlege gap i skårane i ansvarskompasset. Risiko frå eigne innkjøp vert behandla særskilt (sjå kapittel 3).

Arbeidstakarrettar


I Helse Førde er dette området gjort greie for i eiga rapportering, «Likestilling, inkludering og mangfald». Vi ligg på vidarekomme nivå aller fleste undertemaa i ansvarskompasset. Krav og praksis følgjer arbeidsmiljølova og hovudavtalen, og er godt forankra i HR- og kvalitetsarbeidet.

Forbrukar-/pasient- og brukarinteresser

Kvalitetsstyringssystemet og pasienttryggleiksarbeidet sikrar forsvarlege tenester og gode klagemekanismar. Vi ser samtidig behov for betre brukarretta kommunikasjon om berekraft (t.d. miljøkonsekvensar av val og praksis), som vert løfta inn som risiko i handlingsplanen for 2026.

5.0 MILJØFORHOLD | Klima- og miljøstyring og naturrisiko

Oversikt over framdrift mot måla per tema (kor stor avstand det er mellom status og mål)



I dette kapitlet tar vi føre oss arkfana:

- Miljø

I tillegg svarar vi ut temaet

- Naturrisiko

Det er på dette området vi har flest undertema der det er avvik mellom status og målsetting, som vi ser i figuren med 76 prosent måloppnåing. Dei fleste undertemaa er vurdert å ligge til etablert, som betyr at strukturen er god, men likevel med eit mål om å komme til vidarekommen.

Klima og miljøstyring

Helse Førde har etablert miljøstyringssystem etter ISO-prinsipp, med regelmessige miljøaspektkartleggingar og årleg klimarekneskap.

Helse Førde er representert med rådgjevar for miljø og samfunnsansvar inn i eit regionalt nettverk saman med Helse Vest og dei andre helseføretaka i Helse Vest. Representant frå Helse Vest sit også i det nasjonale samarbeidsutvalet for samfunnsansvar. Desse samarbeidsarenaene gjer det lettare for Helse Førde å halde seg oppdaterte på endringar i lovverk, føringar og innovative løysingar.

Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutsleppet og har utarbeidd indikatorar for å følgje opp måla. Hovudmålet er at vi skal redusere klimagassutsleppa med 40 prosent innan 2030. Resultat for alle helseføretak er tilgjengeleg i helseføretaka sine rapportportalar og er publisert på Helse Førde sine internettsider.

Figur 3: Oversikt over framdrift mot mål per tema, miljø er utheva (frå ansvarskompasset).

5.0 MILJØFORHOLD | Klima- og miljøstyring og naturrisiko

Klima og miljøstyring forts.

Trass i langvarig rapportering har vi ikkje dokumentert nedgang i klimagassutsleppa, og vi må styrkje prioritering og finansiering av klimatiltak. Dette er vidareført som risiko i 2026.

Opplæring av leiarar

Helse Førde har identifisert behov for å styrkje leiaropplæringa på tvers av organisasjonen, særleg knytt til etiske retningslinjer, antikorrupsjon og miljøstyring. Arbeidet viser at kjennskapen til korleis korrupsjonsrisiko kan oppstå i helsefaglege og administrative prosessar framleis varierer, og at leiarar treng tydelegare støtte i å omsetje regelverk og styringssystem til dagleg praksis. For å møte dette vil føretaket vidareutvikle leiaropplæringsløpet gjennom ILUP og tilby strukturert ein-til-ein-introduksjon for nytilsette leiarar slik at vi kan sikre at mellom anna berekraft blir ein meir integrert del av opplæringa

Naturrisiko


Arbeid med dokumentasjon av naturrisiko for eigne bygg er i slutfase og vert integrert i samla klima- og naturrisikobilde for Helse Førde framover.

Dyrevelferd

Helse Førde har ikkje direkte kontakt med dyr i drift, og dyrevelferd er ikkje tidlegare omtalt i interne retningslinjer. Sjukehusinnkjøp har spelt inn behov for kontraktskrav på området; dette blir følgt opp i nasjonale prosessar.

6.0 ØKONOMISKE FORHOLD | Korrupsjon, skatt og konkurranse

Oversikt over framdrift mot måla per tema (kor stor avstand det er mellom status og mål)



Figur 3: Oversikt over framdrift mot mål per tema, økonomiske forhold er utheva (frå ansvarskompasset).

I dette kapittelet tar vi føre oss dei tre arkfanene:

- Skatt
- Korrupsjon
- Konkurranse

Helse Vest og Helse Førde har overordna rammeverk for samfunnsansvar, rammeverk for verksemdstyring og etiske retningslinjer som ligg til grunn for å førebygge økonomisk kriminalitet og antikorrupsjon. Sjukehusinnkjøp inngjekk i 2023 nye bransjeavtaler med bransjeforeininga for legemiddelindustrien og bransjeforeininga for medtek og lab (Melanor). Desse avtalene styrer mellom anna korleis leverandørane skal opptre i kontakt med fag i føretaka og korleis kommunikasjon skal skje på ein fagleg, effektiv og etisk korrekt måte.

Korrupsjon

Vi har etablert policy og praktiserer internkontroll (m.a. SAP og fire-auge-prinsippet). Samstundes ønskjer vi sterkare bevisstgjerings og opplærings, særleg for leiarar (ILUP/e-læring), og å knyte etiske retningslinjer endå tettare til leiarprogrammet. Dette er vidareført frå handlingsplanen frå 2025 og inn i 2026-planen.

Skatt

Etterleving og rapportering er på vidarekomne nivå, med rutinar for ekstern revisjon og samarbeid med myndigheiter.

Konkurranse

Etterleving av konkurranseregelverket er godt ivareteke gjennom Sjukehusinnkjøp og intern opplæring/innføring for leiarar (økonomi i ILUP).

7.0 HANDLINGSPLANAR

7.1 Status handlingsplan 2025

Risikoområde:	Tiltak:	Status:
1. Gjennom fleire år med rapportering i klimarekneskap og miljøstyring kan vi ikkje vise til reduksjon i klimagassutslepp. Vi har ikkje klart å prioritere nok midlar til gjennomføring av klimatiltak.	1a. Utarbeide ein langsiktig plan for energitiltak fram mot 2030. 1b. Integrere eit klimabudsjett som del av den økonomiske langtidsplanen.	1a. Arbeidet med ein langsiktig plan er ikkje starta, men det er tilsett ein ved teknisk avdeling som skal halde i arbeidet saman med rådgjevar for miljø og samfunnsansvar. 1b. Dette punktet heng saman med punktet over. Det er utarbeidd eit utkast til klimabudsjett som må justerast med innspel frå energitiltaksplanen. Det er planlagt å kople dette inn mot prosessen med den økonomiske langtidsplanen i 2026.
2. Kartlegging av eigne innkjøp avdekka at vi har nokre leverandørar utan avtalefesta oppfølging av leverandørkjede og offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer	2. Etablere avtaler for aktuelle produkt/tenester etter funn frå kartlegginga av eigne innkjøp.	2. Det er inngått avtalar for fleire av produkta/tenestene frå kartlegginga.
3. Manglande dokumentasjon knytt til naturrisiko for eigne bygg.	3. Samle og arkivere informasjon om arbeidet med naturrisikovurderingar for eigne bygg.	3. Arbeidet er nesten ferdig og blir ein del av den totale klima- og naturrisikovurderinga til Helse Førde.
4. Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for lite kjent.	4a. Skaffe tilgang til Helse Sør-Øst sitt e-læringskurs og gjere dette tilgjengeleg for tilsette i Helse Førde. 4b. Implementere økonomi og etiske retningslinjer som ein del av ILUP. 4c. Legge til rette for å tilby ein-til-ein introduksjon for nyttilsette leiarar med innkjøp.	4a. Tekniske utfordringar knytt til deling av kurs på ulike plattformer. 4b. Punktet er delvis innfridd då økonomi har fått tid i ILUP, men mogelegheit for meir fokus på dei etiske retningslinjene. 4c. Rådgjevar for innkjøp har gjennomført fleire av desse møta i 2025.

7.0 HANDLINGSPLANAR

7.2 Handlingsplan 2026

Risikoområde:	Tiltak:	Forventa resultat:	Ansvarleg (a) / utførar (u)
1. Vidareført frå 2025: Gjennom fleire år med rapportering i klimarekneskap og miljøstyring kan vi ikkje vise til reduksjon i klimagassutslepp. Vi har ikkje klart å prioritere nok midlar til gjennomføring av klimatiltak.	1a. Utarbeide ein langsiktig plan for energitiltak fram mot 2030. 1b. Integrere eit klimabudsjett som del av den økonomiske langtidsplanen.	Sikre at klima- og miljøtiltak vert tilstrekkeleg prioritert økonomisk.	a: Økonomidirektør / direktør for drift og eigedom u: Direktør for drift og eigedom og rådgjevar miljø og samfunnsansvar
2. Kartlegginga av eigne innkjøp avdekka at vi i år har færre leverandørar utan avtalefesta oppfølging av leverandørkjede og offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer enn tidlegare, men vi ser at dei leveradørane vi finn på denne lista i stor grad kjem frå behov frå teknisk avdeling.	2. Kople teknisk drift på anskaffingar som kan vere relevante for Helse Førde.	Vil bidra til at Helse Førde/ Sjukehusinnkjøp kan avtalefeste at leverandørane opptrer ansvarleg.	a: Økonomiavdelinga u: Økonomiavdelinga
3. Helse Førde har nokre manglar i leiaropplæringsprogrammet, mellom anna innanfor miljø, innkjøp, handtering av uønska hendingar m.m.	3. Legge til rette for å tilby ein-til-ein introduksjon for nyttilsette leiarar ved fleire seksjonar, mellom anna seksjon kvalitet og pasienttryggleik.	Auka kjennskap til og fokus på antikorrupsjon og miljøstyring blant Helse Førde sine leiarar.	a: Direktør FAU/HR-direktør
4. Data frå forskning blir sjeldan delt til andre aktørar etter prosjektslutt.	4. Etablere system for anonymisering og deling av data frå forskning etter prosjektslutt.	Fleire har tilgang til og brukar allereie innsamla data, t.d i masteroppgåver eller kvalitets- og forbettringsprosjekt.	a: Direktør FAU U: Seksjon forskning og innovasjon v/seksjonsleiar
5. Vi har lite kommunikasjonsaktivitet om berekraft retta mot pasientar og brukarar.	5. Integrere pasientar, brukarar og ekstern kommunikasjon som ein større del av kommunikasjonsstrategien for miljøstyringssystemet.	Auka kunnskap om miljø hjå pasientar og brukarar	a: Direktør FAU u: Seksjon kvalitet og pasienttryggleik v/rådgjevar miljø og samfunnsansvar